

Fra: Haavard Stensvand <fmsfhst@statsforvalteren.no>
Sendt: 27.07.2023 12:27:20
Til: Berit Karin Rystad <berit.karin.rystad@fedje.kommune.no>
Emne: Informasjon om utbrot av høgpatogen fugleinfluensa hjå villfugl

Til kommunedirektørar/rådmenn, kommuneoverlegar, smittevernlegar, beredskapskontaktar og postmottaka i kommunane.

Vi har i dag fått eit informasjonsbrev frå Mattilsynet, som dei ber oss sende vidare til kommunane. Tilsynet skriv at dei tek høgde for at utbrotet av fugleinfluensasmitte i Finnmark kan spreie seg til andre delar av landet. Dei oppmodar difor kommunane om å gjere nødvendige førebuingar, ved m.a. å førebu innsamling av døde fuglar, slik at det kan kome raskt i gang ved behov. Det vil bidra til å redusere smittepresset noko.

Frå Statsforvaltaren si side følgjer vi situasjonen, og vurderer om det t.d. kan vere aktuelt å invitere til eit Teamsmøte viss utviklinga tilseier at det er nødvendig.

Sidan det er ferietid, oppmodar eg postmottaka i kommunane om snarast å sende denne e-posten vidare til den/dei rette vedkomande internt.

Haavard Stensvand/fylkesberedskapssjef